



Morten Magnus Andreassen  
Røsvikdalen 59  
5914 ISDALSTØ

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 16/1980 - 16/30081

Saksbehandlar:  
Benjamin Hicks  
Benjamin.Hicks@lindas.kommune.no

Dato:  
28.10.2016

## Ferdigattest for terrasse- gbnr 188/513 Gjervik ytre

### Administrativt vedtak. Saknr: 521/16

**Tiltakshavar:** Morten Magnus Andreassen

**Ansvarleg søkjar:**

**Søknadstype:** Søknad om ferdigattest etter plan- og bygningslova (pbl.) § 21-10.

Tiltakshavar har ordna med naudsynt sluttdokumentasjon og har erklært at tiltaket er ferdigstilt. Gjennom dette er det stadfesta overfor kommunen at kontroll er utført med tilfredsstillande resultat, og at tiltaket er utført i samsvar med krav gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova, og vedtak i saka datert 30.09.2016.

Det vert elles vist til søknad motteken 25.10.2016.

### Skildring

Bygningstiltak:	Terrasse og levegg
-----------------	--------------------

### VEDTAK:

Med heimel i plan- og bygningslova § 20-10 vert det gjeve ferdigattest for terrasse og levegg på delar av denne på gbnr 188/513. Byggverket eller delar av den må ikkje takast i bruk til anna føremål enn det løyvet fastset.

### Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr. 4 og gjeldande delegasjonsreglement.

### Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker, jf. fvl § 29 (1). Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klagt på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.



Før det kan reistas søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: 16/1980

Med helsing

Siril Sylta  
avdelingsleiar

Benjamin Hicks  
rådgjevar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Mottakarar:**

Morten Magnus Andreassen

Røsvikdalen 59

5914

ISDALSTØ